

Møteprotokoll for Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond

Møtedato: 28.05.2026
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: kl 09.00 - 09.35

Møtedeltakarar	Parti
Kari Vaage Gjuvsland	AP
Mads Drange	AP
Sverre Underbakke	H
Torbjørn Indrebø	KRF
Berit Fyljesvoll Haugslund	SP
Øyvind Tveitane Lovra	SP
Åshild Vetthus	SP
Olav Lindseth	V

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Iren Klungtveit Slagstad	AP

Andre:
Kommunedirektør Siri Halvorsen Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil

Møtesekretær:
Marit Bog

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
009/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
010/26	Godkjenning av møteprotokoll	
011/26	Vurdering Ulla Førre lån Suldalstrappa	

009/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

28.05.2026 Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

ULL - 009/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

010/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

28.05.2026 Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

ULL - 010/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møte vert godkjend slik han ligg føre.

011/26 Vurdering Ulla Førre lån Suldalstrappa

Kommunedirektøren si innstilling

Fondsstyret vedtar at:

1. 2 millionar kroner av lånet på 3,5 millionar kroner til Suldalstrappa AS blir omgjort til støtte. Finansiert i frå fondskapitalen.
2. Restlånet på 1,5 millionar kroner forblir rente og avdragsfritt fram til 01.07.2027 med pant i utstyret.

28.05.2026 Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond

Handsaming:

Fellesforslag frå Ap, Krf, V og H, foreslått av Sverre Underbakke, Høgre

Fondsstyret ber kommunedirektøren gjennomføra følgjande vedtak, under føresetnad av ein juridisk gjennomgang av vedtaket konkluderer med at det er i tråd med gjeldande lovar og reglar.

1. Suldal kommune kjøper maskiner og utstyr som er opplista i saka (verdi pr 31.12.2026) for kr. 2.691.000,- + mva kr. 672.750,- totalt kr 3.363.750,- Salssummen blir avrekna mot lånet på 3.500.000,- som Suldalstrappa AS har i Ulla Førre Næringsfond.
2. Resten av lånet kr. 136.250,- blir sletta.
3. Suldal kommune slettar pantet som tidlegare er tatt opp som sikkerhet for lånet (Tinglyst pant i inventar, maskinpark og varelager)

4. Forutsetninga er at Suldalstrappa AS må inngå leasingavtale med det leasingselskapet som kommunen sel maskiner og utstyr til.
5. Dersom leasingselskapet krev garanti for å gjera avtale med Suldalstrappa AS kan UNF vera open for å gjera det i ein avgrensa tidsperiode.

Alternativt forslag, foreslått av Øyvind Tveitane Lovra, Senterpartiet

Suldal kommune viker pant med 2 millionar kr i driftsmidler til 2. prioritet i Suldalstrappa AS, org. nr. 930 834 475.

Representanten Øyvind Tveitane Lovra SP ber om gruppemøte.
Gruppemøte 09:25 - 09:30.

RØYSTING

Fellesforslag:

For: 7 - KrF, H, V, AP, Åshild Vetthus SP, Berit Fyljesvoll Haugsland SP

Alternativt forslag:

For: 1- Øyvind Tveitane Lovra SP

ULL - 011/26 Vedtak:

Fondsstyret ber kommunedirektøren gjennomføra følgjande vedtak, under føresetnad av ein juridisk gjennomgang av vedtaket konkluderer med at det er i tråd med gjeldande lovar og reglar.

1. Suldal kommune kjøper maskiner og utstyr som er opplista i saka (verdi pr 31.12.2026) for kr. 2.691.000,- + mva kr. 672.750,- totalt kr 3.363.750,- Salssummen blir avrekna mot lånet på 3.500.000,- som Suldalstrappa AS har i Ulla Førre Næringsfond.
2. Resten av lånet kr. 136.250,- blir sletta.
3. Suldal kommune slettar pantet som tidlegare er tatt opp som sikkerhet for lånet (Tinglyst pant i inventar, maskinpark og varelager)
4. Forutsetninga er at Suldalstrappa AS må inngå leasingavtale med det leasingselskapet som kommunen sel maskiner og utstyr til.
5. Dersom leasingselskapet krev garanti for å gjera avtale med Suldalstrappa AS kan UNF vera open for å gjera det i ein avgrensa tidsperiode.